



Statens vegvesen

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Hordaland Fylkeskommune

05 AUG 2015

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2011/154018-008

Dykkar referanse:
15/483 - 15/3024

Vår dato:
03.08.2015

Høring om dispensasjon for etablering av mellombels gangsti langs fv. 570 på gnr. 30 bnr. 15 m.fl. på Sandnes - Masfjorden kommune

Vi viser til møte med Masfjorden kommune av 11.06.15, der ovannemnde sak vart drøfta.

Slik Statens vegvesen har forstått har det vore vanskeleg å få etablert fortau fram til Sandnes skule slik områdeplanen viser. Som eit avbøtande tiltak ber kommunen om få dispensasjon for å etablere mellombels gangsti i frå området ved eldebustadane i nord og fram til kryss til gbnr 30/32 i sør. Dett er vurdert å vere eit betre tilbod til dei mjuke trafikantane enn det som er vist som mellombels gangtilbod i områdeplanen.

Statens vegvesen seier seg samd med kommunen i at foreslegen trase med mellombels gangsti på vestsida av Fv 570 vil vere eit betre tilbod til dei mjuke trafikantane enn det områdeplanen viser. Samstundes vil tilkomsten til gbnr 30/15 bli flytta bort på nytt kryss lenger sør. Dette vil gje ein betre trafikal situasjon på staden. Det må vidare liggje til grunn at gangstien er ferdig etablert før det vert gjeve bruksløyve på nye bygg i områda BF5 – 6 og BF 8 – 10. Vidare forstår vi det slik at kommunen aktivt vil arbeide for å framskaffe midlar til etablering av fortau slik områdeplanen viser. Sistnemnde vil vere avgjerande for å kunne etablere eit fullgodt tilbod til gåande på denne strekninga.

Med bakgrunn i ovannemnde stiller vi oss positiv til ein dispensasjon frå områdeplanen. Areal på vestsida av Fv 570 som er i Statens vegvesen sitt eige kan nyttast til etablering av mellombels gangsti.

Ein ønskjer no å etablere mellombels gangsti tett på Fv 570 i ei lengde på vel 100 meter. Fv 570 er av eldre dato og det er ikkje utan vidare uproblematisk å etablere nye element opp mot denne vegkroppen. Før det vert sett i gong arbeid med etablering av mellombels gangsti skal det takast kontakt med Statens vegvesen ved vegseksjonen for avklaring av krav om ulike formar for dokumentasjon for byggetiltaket opp mot fylkesvegen. Tilhøvet mellom gamal vegkropp og etablering av ny gangsti, drenering og grunntilhøve er viktige moment ein bør ta opp.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 Fyllingsdalen


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Dersom det er spørsmål knytt til ovannemnde ber vi Dykk ta kontakt med Statens vegvesen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonsleiar


Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Hordaland fylkeskommune